



Notat

Emne: Frivilligsentralen

Frå 1. januar 2017 er ansvar for frivilligsentralane overført frå staten til kommunane. Det inneber mellom anna at midlar til Frivilligsentralane vert tildelt gjennom rammetilskot og ikkje som øyremerka tilskot, og tildelingsbeløpet til den enkelte kommune er rekna ut frå tal på etablerte frivilligsentralar i kommunen. I tillegg medfører overføring av snavr til kommunane at dei gamle retningslinjene frå departementet fell bort.

Med eit heilskapleg kommunalt ansvar ligg det til rette for ei vidareutvikling av frivilligsentralene i tråd med lokale prioriteringer. Aktivitetane til Frivilligsentralen i Radøy i 2017 er i hovudsak retta mot den eldre delen av befolkninga, t.d. gjennom middagskjøring og sosiale møteplassar for eldre i kommunen. Samstundes er det også i hovudsak den eldre delen av befolkninga som står for det frivillige arbeidet som er koordinert gjennom Frivilligsentralen. Dette er viktige og gode tenester for befolkninga i kommunen.

Frivilligsentralen i Radøy kommune vart etablert i 1992, og dei lokale retningslinjene for Frivilligsentralen er frå 2000. Rådmannen ser at det er behov for å vurdere både organisering og retningslinjer, slik at ein legg til rette for ein mest mogleg hensiktsmessig drift og vidareutvikling av Frivilligsentralen. Det har også kome politisk signal om at målgruppa for det frivillige arbeidet i kommunen bør utvidast. I budsjettet dokumentet heiter det m.a. at det er ønskje om «*ein god dialog med Frivilligsentralen om korleis rekruttera frivillige til arbeid for flyktningar og menneske med særskilde behov*».

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak sak 047/17: «*Med bakgrunn i at ansvaret for tildeling av midlar til Frivilligsentralane er overført til kommunane frå 1.1.2017, ber kommunestyret om at rådmannen legg fram sak om ny organisering, inkl. retningslinjer for Frivilligsentralen i Radøy, til kommunestyremøtet i desember 2017.*

Rådmannen har starta prosess for følgje opp kommunestyrevedtaket. Det er rådmannen si vurdering at ein slik prosess krev tid til å sikre tilstrekkeleg medverknad og forankring, og ber om å få kome tilbake med framlegg til ny organisering og retningslinjer til kommunestyret 15.02.18.

Saksbehandlar: Sektor for drift og forvaltning/Lisbeth Toppe Alvær

Vår referanse: 15/1043 - 17/14114 / FA - F08

Dato: 15.11.2017

